

Sunnfjord vassområde

AKTIVITETSPLAN FOR SUNNFJORD VASSOMRÅDE 2017

Bakgrunn

Opgåva med å lage aktivitetsplan/arbeidsplan er omtalt i følgjande dokument:

- Prosjektplanen for Sunnfjord vassområde 2016 – 2021, avsnitt 4.3 Prosjektleiari / sekretariat: *Utarbeide arbeidsplan med budsjett og årsmelding til vassområde i samarbeid med prosjektgruppa.*
- Sunnfjord vassområdeutval sak 2-2016 (11. mars 2016): *Prosjektgruppa sine oppgåver vil mellom anna vere ... Utarbeide framlegg til årlege aktivitetsplanar for vassområdet ...*

Prosjektleiari har i samråd med prosjektgruppa (møte 05.01.2017) utarbeidd Aktivitetsplan for 2017. Denne tar utgangspunkt i aktivitesplan for 2016, som vart vedtatt av Sunnfjord vassområdeutval 11. mars 2016 (sak 3-2016).

Overvaking


Prosjektleiaren føreslår i utgangspunktet å vidareføre opplegget med vassprøver som vart igangsett i 2016. Opplegget kan oppdaterast i løp av året på bakgrunn av resultat frå overvaking i 2016 og tidlegare, etter dialog med kommunane og Fylkesmannen sin miljøvernavdeling.

Vassprøver 4 gonger (vår, førsommar, ettersommar, haust). Kommunane syt for sjølve prøvetakinga i felt for eigen kostnad. Analysekostnadene vert dekkja av prosjektmidlar som vassområdet disponerer (finansiert av kommunane, fylkeskommunen og Fylkesmannen). Fylkeskommunen har i oktober 2016 anskaffa rammeavtale med VestfoldLAB, som gjeld i 2 år med opsjon for forlenging 1 + 1 år.

Det er i prosjektplanen budsjettert med 300 000 per år.

Kommune	Tal vass- førekomstar	Tal prøvepunkt 4 prøver/år	Tillegg innsjø Kl.f.a, 4 prøver/år	Tal prøvepunkt 1 prøve/år*	Pris
Askvoll		6		4	10 780
Fjaler		8		4	13 860
Flora		11	3	6	22 382
Førde		11	2	6	21 338
Gaular		12	2	6	22 878
Jølster		4		4	7 700
Naustdal		6	1	6	12 594
Sum		58	8	26	111 532

*)Prøvepunkt 1 prøve/år gjeld prøver tatt i samband med synfaring eller akutte hendingar.



Sunnfjord vassområde

Det er i tillegg aktuelt med biologisk prøvetaking (fastveksande algar eller botndyr). Dette må avklarast nærare i prosjektgruppa etter dialog med Fylkesmannen og kommunane. Fylkeskommunen vurderar anskaffing av rammeavtale med konsulent.

Synfaringar

Det vart gjennomført synfaring i Fjaler, Førde, Askvoll og Gaular kommunar i 2016. Synfaringane hadde som føremål å kartlegge tilstand og kjelder til påverknad. Prosjektleiari kan ta på seg å organisere synfaring i Flora og Naustdal i 2017, i samarbeid med desse kommunane.

Det er ikkje noko krav til kommunane om å gjennomføre synfaring i regi av vassområdet, men eit tilbod. Kravet som ligg på kommunane er å utgreie/iverksette/pålegge tiltak for å oppnå miljømåla i vassførekomstar der tilstanden er svekka pga påverknader som kommunane er styresmakt for.

Referansegruppe

Prosjektleiari vil invitere lag og organisasjonar, verksemder m.m. til ei referansegruppe, etter innspel frå kommunane. Referansegruppa skal være talerør for de respektive interessene som for eksempel friluftsliv, reiseliv, energiproduksjon, landbruk, fiske, naturvern med meir. Referansegruppa kan inviterast med på synfaringar og i temagrupper. I invitasjonen blir det oppmoda om å svare om ein godtar eller avslår invitasjonen. Dei som ikkje svarer innan ein gjeven frist blir strokne frå lista.

Dette låg inne i aktivitetsplanen 2016. Liste over potensielle medlemar i referansegruppa vart laga i samarbeid med kommunane. Invitasjon vil bli sendt i 2017.

Temagrupper

Det var plan om å opprette temagrupper innanfor landbruk og avløp i 2016. Det vart gjennomført temamøte om spreidde avløp 28. oktober med deltakarar frå administrasjonen i kommunane.

For 2017 er det førebels plan om temamøte om spreidde avløp 11. januar. Prosjektleiari føreslår i tillegg å gjennomføre temamøte om landbruk i januar – februar 2017. I fyrste omgang kan møta avviklast med deltakarar frå administrasjonen i kommunane. På sikt er det aktuelt å også inviterer kommunepolitikarar, lag og organisasjonar, fylkesmannen sin landbruksavdeling m.fl.

Kunnskapsinnhenting - fysiske endringar i elvar

Vassområdeutvalet vedtok 11. mars 2016 å sette av 500 000 kr til innleige av konsulent for å auke kunnskapsgrunnlaget vedkomande fysisk påverknad av elvar i form av forbygging, kanalisering m.m.

Desse midlane vart ikkje brukt i 2016. Men det vart henta inn pris for å sjå nærare på effekten av forbyggingar i Jølstra og Angedalselva i Førde kommune.

Prosjektleiari har på vegne av Sunnfjord og Nordfjord vassområde søkt Miljødirektoratet om ytterlegare 510 000 til kartlegging, vurdering og forslag om tiltak i forhold til fysiske inngrep inklusiv kommunale vegkulvertar.

Postadr.:
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Sandane senter
Krånavegen 5, 3. etg
6823 Sandane

Telefon:
90 40 26 61

E post:
staffan.hjohlman@sfi.no



Sunnfjord vassområde

Kunnskapsinnhenting – kommunale vegar som vandringshinder

Vassområdeutvalet vedtok 11. mars 2016 å sette av 300 000 kr til kjøp av konsulentteneste for å skaffe oversikt over kommunale vegar som fungerer som fiskevandringshinder.

Det vart ikkje satt i gang slikt arbeid i 2016. Fyrste steg er at kommunane danner seg ei oversikt over kulvertar under kommunale vegar.

Sjå avsnittet over vedkomande søknad til Miljødirektoratet om midlar, mellom anna til kartlegging av kommunale vegkulvertar.